





# Arjun sin familie

## Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:

Kven er med i denne familien? Kva gjer dei på bildet? Kva har dei på seg? Kvar er dei?

## Eller les ei lita fortelling om Arjun:



Arjun er fem år og bur saman med mamma, pappa to storesøstrer, ein storebror og ei veslesøster. Heile familien er fødd i Noreg, men nokon av Arjun sine besteforeldre, og alle oldeforeldra hans er fødde i India. Mamma og pappa kallar seg norsk-indiske, for sjølv om dei har budd i Noreg heile livet så føler dei seg også som indiske. Dei brukar vanlege klede på barnehage, skule og jobb, men dei har også indiske klede som dei bruker når dei er på festar saman med andre indarar. Og dei lagar mest indisk mat, og snakkar både indisk og norsk til kvarandre.

Dette bildet blei tatt på Diwali som er ein kjempefin lysfest. Arjun likar veldig godt å være på indiske festar, for det er så mange barn og vaksne der som dansar og et og har det fint saman! Og så får han treffen mange venner som også er norsk-indiske.

Arjun har også fått reise til India ein gong. India er langt frå Noreg, så ein må ta fly i veldig mange timer for å kome dit. Det er helt annleis der enn her som Arjun bur. Det er varmare og Arjun synest alt både luktar, ser ut og kjennest heilt annleis enn Noreg. Arjun synest han er heldig som får være litt indisk samtidig som han er norsk.

Nokon gongar høyrer han at foreldra og storesøster Devi kranglar fordi Devi synes mamma og pappa er mykje strengare enn vennane sine foreldre er. Dei får lov til mykje som Devi ikkje får lov til. Arjun liker ikkje så godt krangling, og likar ikkje når Devi gret. Då brukar han å prøve å få henne til å le. Han tullar og tøysar med henne heilt til ho sluttar å gråte. Men det er ikkje alltid det går, då prøvar han heller å gi ho ein klem. Arjun veit at Devi er veldig glad i ha, og han er veldig glad i Devi også. Han er glad i heile familien sin, men blir også sint på dei av og til. Arjun veit at det er heilt normalt at familiar kranglar og er sinte av og til. Det betyr ikkje at ein ikkje er glade i kvarandre.

## Snakk saman:

Bruk dette som utgangspunkt for å snakke litt om kor ulike familiar kan vere og kva som kan være fint eller dumt i familiar. Få fram at det viktigaste i alle familiar er at dei vaksne passer på og er glade i barna, og at ein prøver å ha det fint saman i kvardagen.

Ingen har det alltid berre bra. Det er heilt normalt å bli sinte på kvarandre, krangle litt, eller seie ting ein angrar på, men det er viktig å prøve å gjere det godt igjen etterpå. Alle treng å føle seg trygge heime og vere sikre på at dei andre i familien er glade i seg.